
Fra: Inge Bjørnevoll <inge@bjornevoll.no>
Sendt: onsdag 24. januar 2018 17.15
Til: Postmottak Lindås
Emne: Spørsmål.

Frå:
Inge Bjørnevoll,
Oteråsen 20A,
5914 Isdalstø.

Knarvik, 24. januar 2018.

Til
Eigedomsseksjonen,
Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø.

Spørsmål om hogging av tre som hindrar utsikt frå Oteråsen 20A.

I september 2017 kjøpte og overtok me inste rekkehuset i Oteråsen 20, det som ligg mot grensa til Gjervik (Beliklid sin eigedom). Eit stykke nedanfor huset er ein del tre på kommunen sin eigedom som hindrar utsynet innover Osterfjorden. Trea står på kanten ned mot sjøen, i eit området som ikkje ser ut til å vera brukt som turområde.

I samband med dette har me fylgjande spørsmål:

- a. Har kommunen planar som går på rydding av område som dette for å sikra utsyn for oss som bur her?
- b. Om ikkje, er det råd å få hogga dei trea som hindrar for utsynet mot at me ryddar og ordnar opp så ikkje felte tre og greiner er til hinder for eventuelle turgåarar i området?

Takkar for svar.

Med helsing

Inge Bjørnevoll.